



Til musikkorpsa i Alver kommune

## Oppfordring å ta i bruk vignetten og rollup'en for Alver kommune

I samband med Musikkorpsa og kommunesamslåinga har kulturkomiteen i Alver bestilt ein ny vignett, som er komponert av lindåsinga Frode Rydland. Bestillinga til komponisten var at det skulle vera ein fengande vignett som skulle kunna spelast av alle korpsa i Nordhordland, og i mindre besetningar. Vignetten er skrive for brassband, janitsjarkorps, ten piece og mesingkvintett. Me oppfordrar alle musikkorpsa i Lindås, Meland og Radøy til å ta i bruk vignetten! Notar og partitur ligg ved denne e-posten.

Sjå film frå lanseringa/urpremieren av vignetten her:

<https://www.facebook.com/vibyggjeralver/videos/508674199535588/>

Kulturkomiteen i Alver har også fått produsert rulleplakatar (roll-up'ar) med teksten «Vi byggjer verdas beste korpskommune». Rulleplakaten kan de sjå i filmen det er lenka til ovanfor. Me oppfordrar musikkorpsa til å ta i bruk også desse på konsertar og arrangement dette året. Kvar kommune har fått fleire rulleplakatar, men ikkje mange nok til at korpsa kan disponera ein kvar. Ta difor kontakt med sørvistorget/ekspedisjonen i din kommune for å få låna desse til konsertar og arrangement.

Me minnar også om tilskotsordninga for korpskonsertar i Alver som vart sendt ut i eit tidlegare brev.

Lukke til i NM for skulekorps til alle som skal delta!

Med venleg helsing

Øyvind Stang

Kultursjef

Lindås kommune

Eirik Bouwer Utne

Kulturleiar

Meland kommune

Bente K. Hervik

rådgjevar kultur

Radøy kommune

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Tlf. 56 37 50 00

[postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

Meland kommune

Havnevegen 41

5918 FREKHAUG

56 17 10 00

[postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)

Radøy kommune

Radøyvegen 1690

5936 MANGER

Tlf. 56 34 90 00

[postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no)